



Austevoll Melaks AS

5384 TORANGSVÅG

Dato: 14.01.2019

Vår ref.: 2018/17486-4

Saksbehandlar: Trond Wahl

Telefon: 40 91 62 23

Austevoll Melaks AS - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på lokalitet Fyllingsnes S i Lindås kommune

Vi syner til søknad frå Austevoll Melaks AS, motteke 17.12.2018, kor det vert søkt om klarering av akvakulturløyve H-AV-96 på lokalitet 13874 Fyllingsnes S i Lindås kommune og tilsegn frå Fiskeridirektoratet 04.05.2018.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Austevoll Melaks AS, org. nr 959473706, akvakulturløyve med reg. nr. H-AV-96 løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på følgjande lokalitet i Lindås kommune i Hordaland fylke:

Lokalitetsnr.	Lokalitetsnamn	Kommune	Lokalitetsbiomasse
13874	Fyllingsnes S	Lindås	1560 tonn

Løyvet gjeld for anleggspllassering som vist i vedlagt kart, med ytterpunkt som har følgjande posisjonar i grader og desimalminutt (Kartdatum Euref89/WGS84):

Midtpunkt	1	2	3	4	5	6
N 60° 34,926'	N 60° 35,018'	N 60° 35,018'	N 60° 34,957'	N 60° 34,855'	N 60° 34,855'	N 60° 34,957'
Ø 05° 24,006'	Ø 05° 23,980'	Ø 05° 24,013'	Ø 05° 24,027'	Ø 05° 24,027'	Ø 05° 23,967'	Ø 05° 23,967'

Lokaliteten er med dette klarert for følgjande løyve:

Eide Fjordbruk AS: H-L-3, H-L-24, H-L-25, H-L-26, H-L-27 og H-K-63.

Ewos Innovation AS: H-O-5

Austevoll Melaks AS: H-AV-96

Kvar av løyva er godkjent for 780 tonn MTB. Akvakulturløyva med reg. nr.H-AV-96 har endra avgrensing i medhald av forskrift om innføring av Bremnesmodellen fram til 31. desember 2019. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjent for dei einskilde løyva, viser vi til akvakulturregisteret på fiskeridirektoratet si heimeside www.fiskeridir.no. Akvakulturløyve med reg. nr. H-O-5 er eit løyve til forsøks- og forskingsføremål, tidsavgrensa til 01.01.2020.

H-AV-96 vert med dette trekt tilbake frå følgjande lokalitetar 14040 Krigsholmen, 14039 Little Lunnøy, 12040 Brandaskuta, 12022 Ljonesbjørgene og 32577 Klammerholmen.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur av laks, ørret og regnbueørret. Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, dyrevelferdslova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Bakgrunn og saksgang

Om søknaden

Austevoll Melaks AS søkte 17.12.2018 om løyve til samlokalisering av akvakulturløyva H-AV-96 med Eide Fjordbruk AS sine akvakulturløyve for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet Fyllingsnes i Lindås kommune.

Lokaliteten er godkjent for ein lokalitetsbiomasse på 1560 tonn.

Austevoll Melaks AS har inngått ein avtale med Eide Fjordbruk AS AS om samlokalisering på lokalitet 13874 Fyllingsnes S, innafor eksisterande godkjent lokalitetsbiomasse og utan endringar i anleggspllasseringa, jfr. Samtykkeerklæringa.

Tilsegn om flytting fra produksjonsområde 3 til produksjonsområde 4

Austevoll Melaks AS søkte 27.04.2018 Fiskeridirektoratet om løyve til flytting av H-AV-96 fra produksjonsområde 3 til produksjonsområde 4.

Fiskeridirektoratet fatta følgjande vedtak 04.05.2018; «*På grunnlag av innsendt søknad gir Fiskeridirektoratet region Vest tilslagn om tillatelse til flytting av H AV0096 fra produksjonsområde 3 – Karmøy til Sotra til produksjonsområde 4 – Nordhordaland til Stadt. Tillatelsen kan flyttes når Austevoll Melaks AS org. nr. 959473706 har fått klareret lokalitet for H AV0096 i produksjonsområde 4.»*

Tilbaketrekking av klarerte lokaliteter for H-AV-96 i produksjonsområde 3

I laksetildelingsforskrifta § 33 første ledd heiter det: «*Klarering av lokalitet i et annet produksjonsområde enn der akvakulturtillatelsen er hjemmehørende tillates ikke.*»

Ut frå dette må H-AV-96 sin tilknyting til lokaliteter i produksjonsområde 3 trekkas tilbake.

Sektorstyresmaktene og kommunen si handsaming

Då lokaliteten er tidlegare klarert jf. løyve av 23.09.2016 er ikkje denne sendt til verken Lindås kommune, Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdeling, Mattilsynet Region Sør og Vest, Kystverket Vest eller Fiskeridirektoratet Region Vest.

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av akvakulturlokalitet som nemnd i § 30 i laksetildelingsforskrifta som seier at lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

a) *det er miljømessig forsvarlig;*

b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*

1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
3. *annen bruk av området, og*
4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*

c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*

1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann,*
4. *lov 24.november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann,*
5. *lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd; og*

d) *det ikke er i strid med*

1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,
2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

og kome fram til at tiltaket ikkje kjem i konflikt med reglane i forskrifa.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a. Søknaden har, tildegar, på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet. Den samla belastninga på naturmiljøet ved Fyllingsnes S blir uendra.

Etter ei samla vurdering, etter Lov om akvakultur 17.06.2005 nr. 79, gjev Hordaland fylkeskommune Austevoll Melaks AS med akvakulturløyve H-AV-96 løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på lokalitet Fyllingsnes S i Lindås kommune.

Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser og i samsvar med godkjente koordinatar for anlegget sine ytterpunkt.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom-eller andre privatrettslege forhold.
- Løyve vert gjeve med føresetnad av at etablering, drift og eventuell avvikling vert gjennomført i samsvar med til ein kvar tid gjeldande lover, forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.
- Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdata.no.

Anna

Hordaland fylkeskommune viser til kravet i § 35 i forskrift av 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg når det gjeld miljøovervaking og rapportering av miljøundersøkingar til myndighetene. Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndighetene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akkvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på av saka sine partar eller andre med rettsleg klageinteresse innan 3 veker frå det tidspunktet underretninga om avgjerda er komen fram til vedkomande part, sjå om dette i vedlagt orientering. Eventuell klage skal sendast til Hordaland fylkeskommune.

I medhald av forvaltningsloven § 27b er det sett som vilkår for å gå til søkermål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å söke om at iverksetting vert utsatt til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sondbo

sekssjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

Tilsegn fra Fiskeridirektoratet 04.05.2018
Utsleppsløyve fra Fylkesmannen i Hordaland 20.06.2006
Løyve fra Mattilsynet Sør og Vest 17.01.2012
Løyve fra Kystverket Vest 06.03.2012
Kart over godkjent plassering
Klageskjema


Kopi:

Fylkesmannen i Hordaland
Fiskeridirektoratet Region Vest
Mattilsynet avdeling Sør og Vest
Kystverket Vest
Lindås kommune
Eide Fjordbruk AS


Eide Fjordbruk AS: H-L-3, H-L-24, H-L-25, H-L-26,
H-L-27 og H-K-63.

Ewos Innovation AS: H-O-5


Austevoll Melaks AS: H-AV-96





13874 Fyllingsnes S - Klarerte ytterpunkt



Målestokk: 1:5 000









(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet)
	14.01.2019
(3) Mottakar (namn og adresse) Austevoll Melaks AS 5384 TORANGSVÄGEN	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet, Kyst og Havbruksavd Postadresse: Pb. 185 Sentrum, 5804 Bergen
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med.	
Klagerett	De har rett til å klage på vedtaket.
ven kan De klage til?	Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4).
Klagefrist	Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoен for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det.
Rett til å krevjegrundgjeving	Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeving vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga.
Innhaldet i klaga	De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast.
Utsettjing av gjennomføringa av vedtaket	Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjord.
Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing	Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen.
Kostnadene med klagesaka	De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykker kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom ved taket er endra til Dykker fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning.
Klage til Sivilombodsmannen	Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykker avgjord i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve